

Vinterferien – ei ny anledning til å visa fram kva me har å by på i Hjelmeland!

Me er svært taknemlege, og ganske stolte, over det fantastiske engasjementet som både fast- og fritidsbuande utviste for besøkande gjennom fire helgar i januar! Me tar sjansen på å invitera til nok eit «stunt» for å setje Hjelmeland på kartet, og vil denne gongen ta oss ekstra godt av dei som er i Hjelmeland i vinterferien.

Me må «smi mens jernet er varmt» ...

Me har fått mykje positiv omtale dei siste vekene, så nå gjeld det å fortsetta arbeidet med å sette Hjelmeland på kartet.

Vinterferien er den siste veka i februar, og det er allereie annonsert fleire arrangement desse dagane, som t.d.:

- «[Perler i Rogalandsnaturen](#)», tysdag 25. februar kl. 19:30 i Spinneriet og
- «[Fisterseminaret 2020](#)» torsdag 27. februar kl. 18:30 i Fister skule.

Eventyrskogen i Årdal er døgnopen, det same er den fantastiske naturen i Hjelmeland! Kanskje kjem vinteren og lokkar mange til å finna fram skiutstyret og ta turen til Bjødnabu og Lyngsheia?

Me er nok ein gang frimodige og inviterar **fast- og fritidsbuande, friviljuge, foreiningar og lag, bygdaråda, matprodusentar og næringslivet** til å bidra med vinterferieaktivitetar. Tenk om me t.d. kunne opna ein **matmarknad** i Spinneriet laurdag 29. februar med sal av lokale produkt frå det fantastiske utvalet av produsentar i Hjelmeland! Biblioteket vil sjølvstakt også vere ope denne laurdagen.

Me setter stor pris på alle bidrag, og vil marknadsføre dette i Strandbuen og i Stavanger Aftenblad, både på papir og digitalt. I tillegg vil aktivitetane gjerast kjent på Hjelmeland kommune sine Facebook- og heimesider.

Kven skal du kontakta?

Alle spørsmål kan rettast til:

Jan S. Grimstad - prosjektleiar – Hjelmeland Naturlegvis!

T: 404 39 012 | E: jan.sverre.grimstad@hjelmeland.kommune.no